



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marta Havre, 5557 2211

Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot - 2019

Fylkesmannen i Vestland viser til brev 14.01.2019, til informasjon på nettsida vår og til kommunen sin søknad.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunanes eigen prioritering. Vi vil gjere merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i høve innovasjons søknader.

Tildeling av tilskot for 2019

Fylkesmannen har vurdert søknadene og funne at dei stettar kriteria for tildeling av tilskotsmidlar, jf. regelverket for tilskotsordninga.

Kompetansetiltak	660 000
BPA	
Innovasjon	
Sum til utbetaling	660 000

Sjå vedlagte excel-skjema for utfyllande informasjon.

Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Vestland har fått tilbake utfylt stadfestingsskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til fmvlpost@fylkesmannen.no snarast.



Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapen for tilskotet skal førast separat, skilt frå den kommunale rekneskapen, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løyvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av dei faktiske opplysningane som ligg til grunn for tilskotet, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

Krav til rapportering på at mål er nådd:

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapporten skal sendast oss elektronisk, og rapporteringsskjema finns på våre nettsider.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2019
- For innovasjonsprosjekt er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- Frå 2018 er det stilt krav om revisorkontroll ved eit samla tilskotsbeløp over 200 000 kroner for kompetansetiltak, BPA og innovasjonsprosjekt.

De finn regelverket, rapporteringsskjema og vedlegg til rapporteringsskjema på nettsida til Fylkesmannen i Vestland:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/tilskot/kommunalt-kompetanse--og-innovasjonstilskot-2019/>

Frist for rapportering er 01.04.2020. E-post: fmvlpost@fylkesmannen.no

Ytterlegare krav til rapportering:

Forskningsrapportar og anna dokumentasjon frå innovasjonsprosjekt under denne tilskotsordninga skal sendast:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, Postboks 191, 2802 Gjøvik

E-post: postmottak@hig.no

Reglar for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.



Med helsing

Linda Svari
ass.fylkeslege/seksjonsleiar

Marta Havre
seniorrådgjevar

Vedlegg:
Tilskotsoversikt
Stadfesting

Dokumentet er elektronisk godkjent